



Uskedal kyrkje vert fullsett på sundag med konfirmantar, foreldre og andre gjester.

15 samlingar, lysmesse, konfirmantleir på Brandøy og oppgåver som kyrkjevert er berre noko av alt konfirmantane har vore med på i førebuinga fram til gudstenesta i morgon kl. 11. Soknepresten, Lina Håland, fortel at alle konfirmantane føl eit opplegg dei kallar Delta som er ein del av Trusopplæringsprogrammet. Målet er: Gud gir - vi deler.

Annakvar tysdag har konfirmantane vore samla i kyrkja,- tilsaman 15 samlingar. Tema på samlingane har mellom anna vore: Bibelen, kjærleik, kyrkja, Jesus, etikk og moral. Mange har vore med i Hobbyklubben på Bedehuset. Alle har delt på oppgåva som kyrkjevert. Mange har merka seg hyggelege og høflege ungdomar i kyrkjedøra når vi kjem til gudsteneste.

Konfirmantane i Uskedalen sundag 6. mai:

- Kristoffer Tunesvik Hauge
- Silje Soldal
- Mari Bolette Helvik
- Ella Karina Hjørnevåg
- Joacim Ubanos Snilstveit
- Jostein Soldal
- Tørres Myklebust Lekva
- Joacim Sjo Musland
- Saima Kristine Lomheim Døssland
- Ole Haukanes Eik
- Nils Rainer Strüter Vågen

Uskedalen.no helsar konfirmantane og foreldra lukka til med den store konfirmasjonsdagen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Einar Gjertsen